

Til  
Musea i Sogn og Fjordane  
v/ styreleiar Laura Kvamme  
e-post: [laurakv@online.no](mailto:laurakv@online.no)

14.05.2019

Kopi:  
Kjartan Aa Berge ( [Kjartan.aa.berge@misf.no](mailto:Kjartan.aa.berge@misf.no))  
Ivar Kvalen ([ivar.kvalen@luster.kommune.no](mailto:ivar.kvalen@luster.kommune.no))

## Sunnfjord museum må prioriterast

Etter at prosjektet «Kløften» er lagt bort, ber vi om at styret for Musea i Sogn og Fjordane set i verk tiltak for å utbetre pålegga frå Arbeidstilsynet, og at de snarast kjem opp med ein plan for oppgradering av Sunnfjord Museum. Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å handsame ein slik plan så snart som råd, og vi forventar at styret prioriterer dette arbeidet.


Prosjektet «Kløften» skulle løyse dei kortsiktige og langsiktige utfordringane ved Sunnfjord Museum. Når dette prosjektet no er lagt bort forventar vi at utfordringane for museet vert løyst på andre måtar. På kort sikt må styret for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sikre arbeidstilhøva for dei tilsette i tråd med pålegga frå Arbeidstilsynet. Samstundes må planane om utbetring og utvikling av museet konkretiserast og finansierast.


Vi sluttar oss også til vedtaket i Fylkestinget 24.04.2019 der det heiter i punkt 4:

Fylkestinget vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr 3, etter Hølevikjekta. Dette meiner fylkestinget ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.

Vi ber om snarleg tilbakemelding på denne saka.

Med helsing

  
Håkon Myrvang  
ordfører i Naustdal

  
Oddmund Klakegg  
ordfører i Jølster

  
Bjørn-Harald Haugsvær  
varaordfører i Førde

  
Mathias Råheim  
ordfører i Gaular

Gunnhild Berge Stang (S)  
ordfører i Fjaler